



Foto frå barnehageutstillinga i Ringebu Prestegard sommaren 2017, tema byggeskikk

Rapport Kulturminneplan Ringebu 2018

Torveig Dahl

Oddleiv Ringlund Gudbrandsdalsmusea



Gudbrandsdalsmusea



Prosjekteigar Ringebu kommune,

Styringsgruppe Levekårsutvalet i kommunen

Prosjektleiar kulturkonsulent Tina Lie er ansvarleg for planarbeidet, kartfesting av aktuelle kulturminne som får vernestatus og ferdigstilling av rapport.

Geografisk avgrensing langs gammal/nåverande E6 – innanfor rimeleg avstand med avstikker til t.d. Ringebu stavkyrkje.

Mandat for Gudbrandsdalsmusea engasjement for å levera fagleg basert underlagsmateriale for kulturminneplan Ringebu kommune, jf. avtale. Museet skal kartlegga og vera med og koma med innspel til prioritering av vernekategoriar, leve faktaark med omtale av og vurdering av dei aktuelle utvalde kulturminna og bistå fagleg i arbeidet innan-for ei økonomisk ramme på 80 000.

Det er registrator Oddleiv Ringlund og direktør Torveig Dahl (konsulent) som gjer arbeidet for museet. Kommunen har gjett ei ramme på ca 20 kulturminne i kategori 2, dvs. dei som vil få særskilt vernestatus i kommunale planar (sjå eige rammetekst for kategoriane). Kulturminna bør ha god spreieing geografisk og tematisk.

Ope møte/kommunikasjon I mars 2017 var det 3 ope møte: Sør-Fåvang 13.03, Fåvang 14.03, Ringebu sentrum 20.03. Det vart orientert om prosjektet, og ein hadde gruppearbeid der dei frammøtte skreiv på kart og noterte aktuelle kulturminne i området. Elles har det vore orienteringar om arbeidet når det har vore aktuelt. 7. februar 2018 var det ope møte med grunneigarar og andre interesserte. Seinare har Tina Lie kontakta grunneigarar og fått drøfta ev. vernestatus med eigarane før handsaming av innstilling til levekårsutvalet i mars.

Møte med kommunen Det har vore møte med drøftingar og avgrensingar i ei plangruppe i kommunen inkl. OFK, møte med leiar i levekårsutvalet/varaordførar og fleire møte med sakhandsamar i kommunen. Prosjektet skulle ha vore lagt fram for levekårsutvalet til drøfting hausten 2017, men vart sett ut til 23. januar 2018. Der vart materialet lagt fram og drøfta med utvalet.

Fagleg rapport Vi har kartlagt aktuelle kulturminne langs gammal E6/eksisterande E6, i hovudsak det som ligg i dalbotn på austsida av Laugen. Dei to tettstadene Tromsnes og Vålebrua vart vi samde med kommunen om å ta ut, da det ville





vera for ressurskrevjande. Dette er avklara med Oppland fylkeskommune, og det er teke initiativ for å få bistand til eige verneplanar for dei to tettstadene.

Metode

Vi har ikkje teke med automatisk freda eller vedtaksfreda kulturminne, da dei kjem fram i offentlege kjelder. Vi har basert kartlegginga på feltarbeid, og etterarbeid med kjelder på kontoret. Når vi har treft lokalkjente har vi prata med dei. Det er ikkje teke kontakt med alle grunneigarar, det bør skje i neste fase når kommunen har gjort eit utval og jobbar vidare med desse. Vi har brukt lokalhistorisk litteratur og eigedomsregisterer som houvdkjelder, særleg er bøkene Heim og folk av Halvor Aaby, vore sentrale, samt Norske Gardsbruk. I kategoriseringa har vi lagt vekt på stor breidde i utvalet.

Fredingsstatus

Faste kulturminne (kolgroper, fangstanlegg) før 1537 er automatisk freda. I tillegg kan Riksantikvaren vedtaksfrede andre kulturminne (som t.d. Ringebu prestegard). Eit anlegg/objekt som er under freding, skal ikkje endrast før saka er avklara. Kommunen kan i tillegg vedta regulere til vern, dette er ikkje ei varig freding, kan opphevest ved vedtak i same organ. I samband med kulturminneplanar er kommunane oppmota om å velja ut kulturminne/miljø som får vernestatus.

Vernekategoriar som blir bruk i kulturminnearbeid forslag i denne planen

1 svært høg	automatisk freda, vedtaksfreda,	forslag til vedtaksfreding
2 stor	politisk vedtak om vern i kommunen,	anbefaling til vedtak
3 middels	har lokal verdi, i bygda, lokalt	anbefalingar til eigar
4 liten	alminneleg, meir privat	ev. anbefalingar

Dette forklarast betre slik:

Grad 1 Kulturminne/kulturmiljø som **alt er freda**, eller har hus som er freda vil få grad 1. Lokalt døme Ringebu Prestegard som er freda, taterholoa som vi innstiller på freding og andre seinare.

Grad 2 Kulturminne/miljø som kommunen meiner bør regulerast til vern. Lokalt døme: dei to «flom»låvane før Skjeggstad og utanfor veggen ved Fåvang kyrkje. Her bør ein **konkretisere verdiane** og sorgje for at dei på best mogleg måte blir tekne vare på. Dei kan på sikt stille sterkare i fordeling av tilskotsmidlar. Pr i dag er det skille mellom freda og ikkje freda for å få tilskott frå RA, OFK eller Kulturminnefondet.¹

¹ Kulturminnefondet legg vekt på at kulturminne som dei skal gje tilskott til, bør vera vurdert som grad 2 (eller 1).





Grad 3 og 4 blir ikkje tekne med i dei kommunale vedtaka, men ligg som underlag for vidare adm.arbeid med området.

Grad 3 Kulturminnekulturmiljø som har fått grad 3 er vurdert til å ha stor lokal verdi, her kan det og vera enkelthus med grad 2 og andre delar av anlegget/miljøet grad 3. Eller det kan vera miljø/enkeltobjekt som har stor lokal verdi.


Grad 4 Mindre interesse, alminneleg, lite å verne/ta vare på som verneobjekt, men kan ha stor verdi for eigar/familie/organisasjonar.

Dei 4 kategoriane blir vurderte i samanheng med (kjelde RA/Verdisetting og vekting)

- *Kulturminnet representerer faser med særlig betydning for historien.*
- *Kulturminnet er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien.*
- *Kulturminnet er knyttet til hendelser eller begivenheter med særlig betydning for historien.*
- *Kulturminnet er knyttet til personer med særlig betydning for historien.*
- *Kulturminnet er av særlig betydning for en eller flere etniske grupper (den samiske urbefolkningen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper).*
- *Kulturminnet har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi.*
- *Kulturminnet har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlige kilder.*
- *Kulturminnet har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.*
- *Kulturminnets alder og type utløser juridiske virkemidler på nasjonalt plan, se kulturminneloven.*

Utval Til saman er det kartlagt ca 90 lokalitetar, ein lokalitet kan vera eit gardstun/miljø – eller eit enkeltobjekt (hus, vegfar), slik at styringsgruppa kan vera med og ta prioriteringane.





Vår innstilling er som følgjer:

Kategori 1 freda eller fredingsanbefaling som bør gå vidare til Oppland fylkeskommune for vidare arbeid for å avklare ev. fredingsstatus.

I kommunen er det ei stor mengde **automatisk freda kulturminne** innanfor planområdet, særleg er det store mengder kolgropar i dalsida opp frå dalbotn.

Kyrkje med kyrkjegard for Fåvang og Ringebu kyrkjer, samt Gildesvollen, er freda, heile kyrkjegarden og området ved Fåvang bør vera freda.

Frya leir, har ein uavklara vernestatus, er under fredingsvurdering.

Vegen om **Borgnesset** har vernestatus i Nasjonal verneplan for Statens Vegvesen.

5 kulturminne – dvs. 3 låver som er sentrale i flomforståing av landskapet, taterholoa og Sundstugua, alle er kulturminne i særklasse som vi anbefalar freding av.


Kategori 2 Forslag til regulering til vern av kommunen

22 kulturminne – 7 gardstun, 6 låvar, ei stugu, 4 skuler/menighets/kommunehus, 4 verkstader/industri-anlegg, 1 vegstubb. Her her det laga faktaark for kvart miljø/kulturminne.

Kategori 3 Har lokal verdi med anbefalingar til eigar 42 kulturminne

Kategori 4 har privat verdi, eller er under riving grunna t.d. vegbygging 15 kulturminne





Allmenn beskriving


Kulturminna i planområdet er i hovudsak knytta til primærnæringa, og peikar langt attende i tid. Sentrale bygningsmiljø av stor interesse er kyrkjestedene ved Fåvang og Ringebu, og dei to tettstadene Tromsnes og Vålebru. Laugen er sentral som transportåre og våtmarkene i dalbotnen er i stor grad nytta for for/annan produksjon. Etter 1850 endra busettingsmønsteret seg noko, da det vokste fram landhandleri og fellesskapshus (fastskule, bedehus, kommunelokale, skjenkestugu m.fl.). Elles har endringane av Trondheimsvegen/E6 og bygging av jernbana (ferdig gjennom kommunen i 1896) ført med seg endringar i næringsmønsteret, og dermed busettingsmønsteret.

Det er behov å bevare ein del mindre hus/stuguer etter bruk/husmannsplassar. Uthusa er i stor grad borte/gått ut av bruk. Nokre av gardstuna er særleg godt bevare med eit mangfold av hus bevare.

Det mest karakteristiske trekket ved planområdet er den intensive nytinga av dalbotn med dei 36 bevare utløene, av ulik alder og byggemateriale/teknikk, alt frå dei gamle lafta med skifertak til nyare bordlåver med bølgelikktak.

Samferdsel gjennom dalen har først i nyare tid vorte flytta ned i dalbotn, tidlegare gjekk vegane lenger opp i bygdene, via kyrkjestedene og dei større gardane. Det er spor etter gamle vegfar i dalbotn før 1789 (storofsen), bygt etter Krogh sine vegprinsipp for køyreveg. I tillegg er det vegfar på tvers av dalen/fjellområda, seter/utmarksbruk og kontakt mellom dalføra. Vi har i vårt arbeid ikkje gått særleg inn på desse andre vegane, men har funne ulike spor etter hovudvegar gjennom dalen frå ulike periodar (t.d. den gamle vegen rundt om Sundstugua og vegspor sør for Gunstadmoen). For nærmere registreringar av ulike periodar med vegfar og spor, ta kontakt med Hallstein Hage.

Næringsverksemda har sett sitt preg på kulturlandskapet i dalbotn – det var ein gryande industri/næringsutvikling kring 1900-talet, særleg knytta til dei to tettstadene, Vålebru dampssag og ysteri, Fåvang sag, Fåvang Ysterei, Ullvarefabrikken, Bilverkstad i Tollmoen og på Fåvang, – som i stor grad har utvikla seg til solide verksemder i dag.



Det er fleire store bedrifter (Ringebu sag, Horten Hus, Tine meierier, Tinde og Fjøssystemer) som har ført til stor vekst. Reiselivet har og lagt sitt preg på området, med NSB og stasjonsområda som parkområde frå før 1900, solide buss/transportbedrifter med skulekøyring, turistar og mjølkekøyring (Fåvangbilane, Nybakken), campingplassar (Krekke, Guttuhaugen, Skjeggestad, Elstad), idrettsanlegg (Krekkebakken, Vålebakken).

Denne næringsveksten/nedgangen saman med allmenn økonomisk utvikling har og satt sitt preg på byggeskikk/byggeverksemd. I gode periodar bygger folk nytt, utvidar, i dårlegare er det mindre endringar på bygningane.

Stilmessig er det ein god del empirebygningar på gardane, gjerne ombygde i sveitser-perioden med spissare tak, blondeleveranda og skifta ut småruta glas til krysspost. Kring 1930 og framover vart det vanleg med midtpost og større vindusflater. Frå 1970 og framover var det ein lang periode med utskifting av ruter til «husmorglas». Dette har etter 2000 endra seg noko, og nye hus syner nå eit større spekter av glasflater og takvinklar.

I dei to tettstadene er jugend (Jarles Blomster) framtredande og funkis, butikkar er gjerne bygt om med «magebelte» (gamle samvirkelaget, nå posthuset i Vålebrua) frå 1960 og framover. Nyare butikkar (etter 1980) er ofte store og arealkrevjande, varierande byggepreg, men dei fleste har saltak og eit fargepreg som ikkje avviker for sterkt.

Byggemateriale som er brukt i området er i stor grad tømmer og stein, både som veggar og tak. Skifer og gråsteinstradisjonen er framtredande for området. Både på aust-og vestsida av Laugen er det store skiferbrot som framleis er i produksjon. I nyare tid er det kome metall-kledning av større hus (industri/næring), slik at det blir store meir einsforma vegg/takflater. Vi finn at det på fleire gardar er bygt nye driftsbygningar som er godt tilpassa dei gamle tunna (t.d. Trøstaker).

For denne planen er det også viktig å ta vare på bygningane i eit kultur/kulturlandskapsmiljø som saman viser **ulike periodar** i bruk/teknologisk utvikling. Heilskapen kan såleis få ein høgare vernegrads enn det enkelte objektet.



Anbefalingar i tillegg til vernestatus/regulering

- Kurs i restaurering og legging av skifertak
- Kurs i lafting og våling av hus
- Kurs i lokal byggeskikk
- Rydding av vegetasjon kring uthus
- Ekstra fokus på vedlikehald og sikring av løer m/ Kulturminnefondet, OFK, SMIL-midlar mfl.

